



RÅDSMEDLEMMENE OG LEIAR I RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 18.01.2024

Klokka 09.00 - 15.00

Stad: Heradsstyresalen i Ulvik

Møteplan 2024 for Hardangerrådet, godkjent 28.09.2023 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

- 09.00 - 10.30 Sakshandsaming Hardangerrådet
- 10.30 - 11.00 Orientering om Turistbåtruta på Hardangerfjorden v/ Karl Inge Nygård og Ørjan Kvandal, VLFK
- 11.00 - 11.30 Orientering om The Fjords v/ Tanja Borge og John Vonli
- 11.30 - 11.45 Dialog aktivitet på Hardangerfjorden
- 11.45 - 12.30 Lunsj
- 12.30 - 15.00 Sakshandsaming Hardangerrådet

Saker til handsaming:

- HR-sak 01/24 Meldingar
- HR-sak 02/24 Innspel til VLFK sin utviklingsplan: som nemnd på vårt møte før jol skal HR halda eit innlegg på 7 min om politiske prioriteringar i kommunen. Fint om alle kan lesa seg opp på [Utfordringsdokument for Vestland \(arcgis.com\)](https://arcgis.com) i forkant av møtet.
- HR-sak 03/24 Hardingtinget: drøfta planlagt tema «Tillit og samarbeid»
- HR-sak 04/24 Vegen vidare for Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- HR-sak 05/24 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 11.01.2024

Timo Knoch/s
rådsordførar

Trude Rinaldo
konsulent



Møtedato 18.01.2024	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak **01/24** **Meldingar**

Melding 1: Mail frå Hardanger Open 2024 v/ Erling Midttun av 11.01.2024 om støtte til arrangement i Hardanger 02.- 03.02.2024.



Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Hardanger Open 2024

4 e-poster

Erling Midttun <erling.midttun@gmail.com>

11. januar 2024 kl. 10:48

Til: "post@hardangerraadet.no" <post@hardangerraadet.no>

Nytt år, nye moglegheiter, nytt Hardanger Open!

Start året med å bidra til positiv utvikling i Hardanger.

2.-3. februar er det igjen duka for Hardanger Open, stemnet der internasjonal elite og lokale handbak-utøvarar i ulike aldrar får måla krefter i ein fantastisk positiv setting. Stemnet spenner frå seriøs toppidrett med fart og spenning, til rekruttering, show og sosialt samvær.

Gjennom dei siste åra har stemnet vakse til eit viktig internasjonalt stemne. At det skjer i vakre Hardanger er attraktivt for mange, spesielt for dei langvegfarande gjestene. Hotel Ullensvang skapar ei framifrå ramme både sportsleg og sosialt. Ei fullbooka helg med mange tilreisande i lågsesongen er viktig for hotellet, for lokale samarbeidspartnarar, underleverandørar og næringsliv. På den andre sida er arrangementet eit stort økonomisk løft for klubben, med tilrettelegging og transport for besøkande, sosiale aktivitetar, teknisk anlegg, dommarar osv. Me baserer oss på dugnad og eigeninnsats, men er avhengige av gode støttespelarar.

Me appellerer difor til lokalt næringsliv om bidrag i form av sponsorstøtte eller annonsering. I retur får de positiv eksponering i sosiale media, på storskjermar under arrangementet, og ikkje minst er det ein måte å visa engasjement ovanfor lokalsamfunnet, foreldre og utøvarar frå regionen. Hardanger Handbak Klubb er medlem av Norges Bryteforbund og har status som ein dyktig arrangør som set Ullensvang kommune på kartet i handbak-miljøet. Vår aktivitet er eit tilbod til mange lokale ungdommar som fell utanfor dei tradisjonelle lokale idretts- og fritidsaktivitetane. Me fokuserer i tillegg ekstra på jente-idrett og para-utøvarar.

Med venleg helsing

Hardanger Handbak Klubb

Erling Midttun

45027919



Møtedato 18.01.2024

Saksansvarleg Trude Rinaldo

HR-sak 04/24 Veggen vidare for Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Saksvedlegg:

“Særutskrift frå Fylkestinget 13.12.2023: PS 116/2023: Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027- arbeidsdokument 4/23

Saksutgreiing:

Litt historikk:

Hardangerrådet sendte denne uttalen vedteken i Hardangerrådet til Skyss i 2019:

“Uttale til Skyss:

Hardangerrådet vil på vegne av kommunane og næringslivet i regionen signalisera ein ambisjon om å bidra i spleiselaget for turistbåtruta på Hardangerfjorden i perioden 2020 - 2024 innanfor ei max-ramme på kr 500.000 pr. år.

Garanti for beløpet krev handsaming i kommune/heradsstyra og det krev derfor noko meir tid. Vi vil koma tilbake med stadfesting av kommunale vedtak når desse er gjorde.

Kommunane/herada vil ivareta ansvaret for alle kaiar og tilhøyrande fasilitetar også i framtida.

Hardangerrådet oppmodar Skyss om å leggja tilrette for justeringar av ruteopplegg og sesongavgrensingar som kan betra lønsemda i ruta.

I denne saka forpliktar Hardangerrådet/Hardangerkommunane å yta eit tilskot på kr 500.000 i eit spleiselag som er ein føresetnad for å vidareføra denne båtruta for perioden 2020 - 2024.

Første innbetaling til Skyss/Vestland fylkeskommune vert i 2020 og rådet vert beden om å drøfta fordeling av dette beløpet mellom medlemskommunane, Hardangerrådet og næringslivet i regionen. “

Turistbåtruta er særskild viktig for Hardanger, og desse er kan hende dei viktigaste måla gjestene har:

- Vøringsfossen
- Trolltunga
- Siderbesøk
- Folgefonna Sommarskisenter

Det er vedteke i VLFK eit nedtak på kr 2 millionar fom 2024. Viser til vedlagt vedtak frå Fylkestinget av 13.12.2023.

I samband med at Vestland fylkeskommune har vedteke å kutta turistbåtruta med kr 2.000.000,-, ber dei om dialog og samarbeid med Hardangerrådet. Dei ønskjer å få signal på korleis dette skal og kan gjennomførast til beste for Hardanger.

Det kan f.eks løysast med kortare sesong og/eller endra delfinansiering frå Hardanger.

Framlegg til vedtak: Ingen framlegg til vedtak

Saksprotokoll i Fylkestinget - 13.12.2023

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, MDG, SV, V fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Dokumentet «Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-27» utgjør det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2024-27.

2. Driftsbudsjett for 2024 vert vedteke i samsvar med vedlegget til arbeidsdokument 4/23 og endringar som framkjem under. Fylkesdirektør får fullmakt til å justera inntekt og utgift kapitla i tråd med dette.

Økonomiplan 2024-2027 vert vedteken med endringar som framkjem under. Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide endringane i endeleg dokument.

Endring frå FU 29.11

Drift:

Mobilitet og kollektiv	2024	2025	2026	2027	Merknad
Bergensområdet	24	24	24	24	
Bybanen	1	1	1	1	
Rutejustering distrikt	10				
Fleksibel billett buss/bane		-22	-22	-22	Note 6
Reduksjon billpris periodekort/Påslag kr 1 enkeltbill	12/-12				Note 6
Klimafestivalen	0,4				
Gulatinget-Landslovjubileet	0,85				
Arbeid med Universell utforming / CRPD	1	1	1	1	Note 10
Sum ramme-endring	37,25	4	4	4	
Investering					
Atløysambandet	2	6	30	30	
Masfjordbrua	1	6	13	20	Note 11

Med desse endringane vedtek Vestland Fylkesting slikt Budsjett/Økonomiplan 2023-2027.

Drift:

Opplæring	2024	2025	2026	2027	Merknad
Auke i ramme	20	20	20	20	Note1

Mobilitet og kollektiv					
Redusert innsparing:					
Bergensområdet, rutejustering, parallelle linjer	48	48	48	48	Note 2
Bybanen , rutejusteringar helg	2	2	2	2	
Ferje Kinsarvik-Utne	16	16	16	16	Note 3
Rutejustering distrikt	10				Note 2
Sunhordlandsruta	12	12	12	12	
Turistrute Hardanger	2	2	2	2	Note 4
Godsbåt Bg/Gulen/Solund/Askvoll	2,5	2,5	2,5	2,5	
Auka driftskostnader Rutepakke 1			84	84	Note 5
Satsing:					
Innfører fleksibel billett buss og bane	22				Note 6
TT ordninga	6	6	6	6	
Studentkort, fjerne aldersbegrensing oppover, buss/bane	2	2	2	2	
Arbeid med Universell utforming	1	1	1	1	
Næring					
Styrke næringsforskning	2	2	2	2	
Kultur, folkehelse, inkludering					
Løns og prisjustering av tilskot	4	4	4	4	
Den kulturelle spaserstokken	0,5	0,5	0,5	0,5	
Robin Hood huset	0,2				
Tannhelsehjelp papirlause	0,4				
Kode					Note 7
Gulatinget-Landslovjubilet	0,85				
Klimafestivalen	0,4				
Tannhelse					
Forprosjekt samlokalisering Årstadvollen	1				
Sum justert ramme	152,85	118	202	202	
Budsjettsaldering					
Belønningsmidlar	50	50	50	50	Note 2
Auka billettinntekter kollektiv	10	15	20	25	

Utbytte kraftverk	10	10	10	10	
Utsett investering og mindre planarbeid	10	4	4	4	Note 8
Redusert konsulentbruk	5	5	5	5	
Redusert reise/kurs	15	15	10	10	Note 9
Statleg kompensasjon, Rutepakke 1			84	84	
Bruk av disposisjonsfond/ev.t auka skatteinngang	52,85	19	19	14	
Sum	152,85	118	202	202	
Investering					
Gulatinget			22		
Atløysambandet	2	6	30	30	
Masfjordsambandet	1	6	13	20	
Ladeinfrastruktur Rutepakke 1		100	100		
Aktivitetsanlegg Olsvikåsen	16				
Undervisningsutstyr yrkesfag	20				Prioritert innan investeringsramma
Sum justert ramme	19	112	165	50	
Budsjettsaldering					
Redusert overskot drift	19	12	65	50	
Statleg kompensasjon Rutepakke 1		100	100		
Sum	19	112	165	50	

Fylkesdirektør får fullmakt til å justera inntekt/utgift kapitla i tråd med dette.

Opplæring:

Note 1: "Note 1: Av desse skal Fagskulen i Vestland sitt budsjett aukast med kr 4 mill. Innsparing innanfor opplæring gjerast ved å redusere 16,5 mill som følge av justering av ressursar vidaregåande skuler, jamfør RS 50/23. 7 mill reduserast ved løyving/justering av grupper. Fylkeskommunen vil sikra at elevane får eit godt psykisk helsetilbod. Viktige tiltak for skulemiljøet/det psykososiale miljøet som miljøkoordinatorar og skulefrukost skal halde fram i minst same omfang som no. Fylkesdirektør vert beden om å leggje fram ei sak om organisering av og samarbeid mellom skulepsykologane, rettleiingstenestene, helsetenestene i kommunane, skulehelsetenesta og miljøkoordinatorane.

Det ansettes ikkje nye skulepsykologer i 2024. Medregna innsparing i 2024 er 3 mill.

Einskildtiltak som vaksine og gratis sanitetsprodukt er det også viktig for ungdom og skal halde fram.

Sektoren skal tilpasse seg endra økonomiske rammer, nye oppgåver gjennom fullføringsreforma og ny opplæringslov, og auke i elevtalet. Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar.

I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene. Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopl på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.

Mobilitet og kollektiv: **Note 2:** Kollektivtilbodet er framleis på veg opp etter koronapandemien, og for å få fleire til å ta kollektiv er det avgjerande at rutetilbodet er føreseieleg og attraktivt. Staten har i miljøløftet heldt tilbake 250 mill i belønningmidlar til Bergensområdet, dette er midlar til auka

ruteproduksjon, billigare billetter og betre kollektivtilbod. Desse midlane vil ein jobba for å få tilbake seinast i 2025. For å unngå at ein risikerer å miste passasjerar tilbake til bil gjennom eit omfattande rutekutt i 2024, som så vert auka tilbake allereie i 2025, så meiner ein det er viktigare å holde oppe frekvens og tilbod gjennom 2024. Fleirtalspartia kutter derfor ikkje i ruteproduksjon i Bergensområdet i 2024. Dette vert finansiert med eingongsmidlar frå disposisjonsfond som ei forskottering på statlege belønningssmidlar som ein er i dialog med staten om. Administrasjonen vert bedd om snarast sende brev til staten der ein gjer greie for behovet for desse midlane i 2024 og/eller etterskotsvis i 2025.

Ein ber om sak i SAMO om korleis ein kan justere rutetilbodet slik at ein får mest igjen for pengane i kollektiv. Saka skal omfatte både by og distrikt og forslaga må i første rekke omfatte ruter der det er gode alternativ, eller ruter som er lite brukt. Dersom ein tar vekk viktige tilførselsruter skal erstatning med bestillingstransport vere vurdert. Saka skal i forkant ha vore drøfta i dialogforum (tillitsvalde innan bussnæringa) og drøfta med kommunane. I saka skal ein også skissere korleis det er mogleg å auke rutetilbodet i Arna som følgje av opning av ny Urkentunnell innafør gjeldande ramme, og viss mogleg, innanfor ei auka ramme. Ei revidering av rutetilbodet vert å ta stilling til etter det, og etter at ein har fått avklaringar frå staten om finansiering i åra framover. Saka må vere klar til behandling i SAMO tidleg haust 2024, slik at ho kan vere reelt grunnlag for framtidig tilpassing av drifta.

Note 3: Sambandet vert vidareført. Ein ber fylkesdirektør utgreia redusert helgeproduksjon.

Note 4: Fylkesdirektør vert bedt om å gå i dialog med reiselivsnæringa og andre aktuelle aktørar for å sjå på ei betre samordning av båtuttilbodet på Hardangerfjorden om sommaren, både med fokus på auka billettinntekter, eit meir saumlaust reiselivsprodukt og tilbod for lokale reisande.

Note 5: Nullutsleppkontraktar innan hurtigbåtar og ferjer er avgjerande for at Vestland skal nå våre klimamål. Ny anbudsfrist for rutepakke 1 (Bergen-Nordfjord og Bergen – Sogn) vert sett til 15.06.24. I budsjettet vert derfor investeringssummen på 200 mill. kr og meirkostnaden på 84 mill. kr som var rekna inn med verknad frå 2026. Dersom det innan den tid er klargjort om ein vil få statleg kompensasjon, vil Fylkestinget halde fast på budet om nullutslepp, viss ikkje vert saka lagt fram for politisk behandling på nytt.

Note 6: Vestland fylkeskommune har forplikta seg til å nå måla i miljøløftet om nullvekst gjennom å bidra til at fleire tar kollektiv framfor personbil. Det å få fleire tilbake til kollektiv er avgjerande for å styrke kollektivtrafikken og hindra rutekutt. Fleksibel billett er ei viktig satsing som gjer det attraktivt for fleire til å ta kollektivtrafikk i ein post-korona arbeidskvardag. Vestland fylke ønskjer å teste ut fleksibel billett som eit forsøk i 2024, og effekten av denne ordninga må evaluerast regelmessig, første gong i juni 2024.

Fylket har hatt takstfrys dei to siste åra, samtidig som pris på innsatsfaktorar på drift har auka. Samarbeidspartia ynskjer at prisauken skal vere noko mindre på periodebillettane, enn på enkeltbilletten. Flexbilett skapar ein god sosial profil for dei som kjøper enkeltbilletter, og samarbeidspartia legg til grunn eit ekstra påslag på enkeltbilett. Dette ekstra påslaget skal brukast til å skjerme månadskort og ungdomskort noko for prisveksten.

Note 7: 1 mill frå bygningsvern vert omdisponert til Kode

Note 8: Utsetjinga av store investeringsprosjekt frigjev ressursar i organisasjonen i 2024. Det same gjeld redusert ressursbruk i på planarbeid.

Note 9: Kurs og konferansar skal vera gode, men gjennomførast kostnadseffektivt og/eller digitalt. Reiser til kurs mm reduserast i heile org.

Note 10: Fylkestinget ber om at FT-sak 59/23, og tilråding i Tilstandsrapporten om universell utforming i vestland vert følgd opp.